

LO Rogaland ber Stortinget sei nei til tilknytning til ACER.

Då Norge inngjekk EØS avtalen i 1992, var det særskilt viktig at vi fekk behalda råderett og kontroll på områda der vi har andre interesser og ei anna tilnærming enn EU. Vi har stått oss godt på at vi har kunnet ha ein eigen fiskeri- og landbrukspolitikk og vår eigen valuta og rentepolitikk. Også i energipolitikken har Norge og EU ofte ulike interesser.

Framsente politikarar sikra tidleg på 1900-talet nasjonal råderett og eigarskap til våre verdifulle vasskraftressursar. Sikker tilgang til billig, rein og fornybar kraft, garantert gjennom norske konsesjonslover, har vore eit industripolitisk verkemiddel for etablering og utvikling av industriarbeidsplassar og industrisamfunn i store deler av landet.

EU har vedtatt sin tredje energimarknadspakke, der EU målset seg ei effektiv overnasjonal styring av kraftmarknaden gjennom sin Energiunion. Regelverket på over 1000 sider består av ei rekke forordningar og direktiv. Som alle EU reglar vil dette vera dynamisk, der ein i dag ikkje kan ha oversikt over korleis dette vil utvikla seg på sikt med påfølgjande konsekvensar for medlemslanda. Regjeringa foreslår at Norge knyter seg til EU sin Energiunion gjennom ACER (Agency and Cooperation of Energy Regulators). Etter planen skal denne saka opp til avgjerd i Stortinget i løpet av mars månad.

Dersom dette blir vedteke, vil det svekka råderett og kontroll over vasskrafta og norsk kraft- og industripolitikk ved overføring av makt og myndigheit til ACER. Konsekvensane er uoversiktlege, men kan fort bli dramatiske gjennom auka straumprisar og nettleige for både forbrukar, kraftforedlende industri og andre næringer.

Den landbaserte prosessindustrien har store miljøvenlege investeringsplanar og eit utviklingspotensiale for auka sysselsetjing i distrikta. Fleire eksportkablar frå Norge til EU og derav auka risiko for auka kraftprisar i Norge basert på den europeiske kraftbørsen kan undergrava dette utviklings- og verdiskapingspotensialet.

LO Rogaland er positive til internasjonalt samarbeid om energiutvikling- og utveksling, ikkje minst av omsyn til klima. LO Rogaland vil likevel understreka at dette kan skje utan at Norge tilsluttar seg ACER og overlet viktige beslutningar til organ der me står utan påverknad og kontroll med konsekvensane av beslutningar fatta innan EU sin Energiunion. Vedtak som kan stå i sterkt motsetnad til Norge som storprodusent og eksportør av energi sine interesser. LO Rogaland ber derfor Stortinget om å seia nei til medlemskap i ACER. LO Rogaland meiner Norge ikkje kan godkjenna eller akseptera at EU eller ACER får mandat til å kunne vedta bygging av ny utanlandskapasitet, korkje i dag eller i framtida.

På bakgrunn av risiko for overføring av vedtaksrett meiner LO Rogaland at Stortinget må handsama saka etter § 115 i Grunnlova.

På denne bakgrunn oppmodar LO Rogaland Stortinget om å:

- Sikre framleis full nasjonal kontroll over vasskrafta – vårt evigvarande arvesølv.
- Sei nei til norsk tilknytning og overføring av makt og mynde til ACER. Bruk reservasjonsretten.